



## Statens vegvesen

Hindenes Hus AS

Roald Heimvik

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/109117-4	Dykkar referanse:	Vår dato: 16.12.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

### Uttale – Søknad om avkøyrsløse – Fv. 393 – Ostereidet – Gnr. 234 bnr. 98 – Lindås kommune

Statens vegvesen har mottatt søknad om ny avkøyrsløse til fv. 393 i brev av 08.07.2016. Vi var på synfaring på staden 28.11.2016.

#### Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld ny avkøyrsløse til gnr. 234 bnr. 98 som er opplyst å vere ein fritidsbustad. Tiltakshavar ynskjer å knytte seg til eksisterande avkøyrsløse felles med gnr. 233 bnr. 83, men ynskjer å flytte heile avkøyrsløsa lenger nord for å oppnå ei betre og meir trafikksikker avkøyrsløse.

Området som tomte ligg i er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng difor dispensasjon frå plan.

#### Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden:

#### Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:

##### *Tekniske opplysningar:*

Tiltaket ligg langs fv. 393 . Veggen er smal på gjeldande strekning. Det er ikkje tilbod til gåande og syklande. Fartsgrensa er 80 km/t og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 350. Strekinga er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf. *"Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)"*.

##### *Vegvesenet si vurdering av saka:*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081


Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

I Rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til Haldningsklasse 4. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg og at ein normalt kan godkjenne ny avkøyrslle dersom dei tekniske krava vert stetta.

Den eksisterande avkøyrslle er dårleg og har berre 20 meter sikt til høgre, medan sikta til venstre er tilstrekkeleg. Krav til mellom anna svingradius og helling / lengdeprofil er heller ikkje oppfylt.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslle er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. Siktkravet i dette tilfellet vil vere at ein skal sjå 100 meter til kvar side av køyrebanen frå eit augespunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslle (sjå døme på vedlagt prinsippsskisse). På synfaring 28.11.2016 målte vi sikta. Vi fann at ein kan oppnå ein sikt på om lag 60 meter mot høgre dersom ein flyttar avkøyrslle, og endå betre sikt dersom ein utfører tiltak (fjerning av terreng og vegetasjon) i svingen. Sikta mot venstre vert vesentleg dårlegare dersom ein flytter avkøyrslle, rundt 75 meter retning kryss mot kommunal veg.




Situasjonskart. Eksisterande og ny avkøyrslle.

Andre krav vi normalt setter til avkøyrslle er knytt til svingradius. Svingradiusen skal vere minimum 4 meter. Det er vidare krav til helling / stigning i ei avkøyrslle. Det må i tillegg vere

tilstrekkeleg snu og manøvreringsareal inne på eigen eigedom. Vi observerte også stikkrenner og dreneringssystem der ny avkøyrsløse er planlagt. Ved ei eventuell godkjenning av ny avkøyrsløse vil det bli stilt krav til at dreneringssystemet skal oppretthaldast.

Det er eit pågåande planarbeid for Ostereidet sentrum. Statens vegvesen har motsegn til denne planen, mellom anna i høve til utforming av kryssløysing mellom fylkesveg og kommunal veg. Vi legg til grunn at det kan kome endringar i planen i dette området.



**Figur: Framlegg til reguleringsplan for Ostereidet sentrum. Omsøkt avkøyrsløse er markert med sirkel.**

Kart og skisse som er vedlagt søknaden om ny avkøyrsløse er ikkje tilstrekkeleg til at vi kan ta endeleg stilling til søknaden. Avkøyrsløsa må teiknast fullt ut. Avkøyringspunktet skal ligge mest mogleg rett på vegbana, slik at ein oppnår ein god svingradius. Vi ser at ein mest sannsynleg ikkje kan oppfylle siktkravet i dette tilfellet. Vi vurderer likevel at reell fart på strekninga mest sannsynleg ikkje er 80 km/t og at vi difor kan vurdere eit lågare siktkrav. Dersom vi skal godkjenne ei flytting av avkøyrsløsa vil vi mellom anna setje krav om at andre tekniske krav skal oppfyllast fullt ut og at ikkje fleire husstandar skal kople seg på avkøyrsløsa.

#### *Byggjegrænse:*

Statens vegvesen har ikkje merknader til søknaden om dispensasjon frå byggjegrænse. Det er Lindås kommune som i dette tilfellet skal behandle søknaden.

#### **Oppsummering:**

Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrsløyve etter veglova dersom våre tekniske krav vert innfridd. Eit slikt løyve vil i så fall innehalde særlege vilkår til opparbeiding av avkøyrsla. Vi tek atterhald om eventuelle endring i planarbeidet for Ostereidet sentrum.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, vil vi behandle saka vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast inn ny søknad med kartvedlegg som syner nøyaktig plassering av avkøyrsla, og som syner ei avkøyrsløve som oppfyller tekniske krav. Først då kan vi ta endeleg stilling til søknaden.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør


Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg  
Prinsippskisse / døme for utforming av avkøyrsløve


# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Døme på utforming av avkjørsle